



INNSPEL TIL DISKUSJON

I desse fire filmene er lærarane som har delteke i filmprosjektet intervjuet om generelle spørsmål knytt til sidemålsundervisninga. Filmene kan brukast som innspel til diskusjonar i kollegiet eller i studentgruppa.

Nynorsk på 1.–7. trinn

I denne filmen uttalar tre lærarar seg om nynorsk som sidemål på 1.–7. trinn. Spørsmåla lærarane kommenterer er:

- Når bør elevane byrje med lesing og skrivning på nynorsk på barnesteget?
- Korleis arbeide med nynorsk skriftleg og framføringar (høgtlesing) på barnesteget?
- Kva seier læreplanen om nynorsk på barnesteget?
- På kva måte bør ein møte negative haldningar til nynorsk?
- Kva er dine tips om gode læremiddel i nynorskopplæringa?

Nynorsk på 8.–10. trinn

Ungdomssteget er det steget der elevane etter læreplanen skal få omfattande og systematisk nynorskopplæring, ikkje minst gjeld dette opplæringa i skriftleg nynorsk. I filmen tek ulike lærarar føre seg desse spørsmåla:

- Korleis bør ein starte nynorskopplæringa på 8. trinn?
- Kva må til for at elevane skal bli flinke til å skrive nynorsk?
- Kva er god progresjon i nynorskopplæringa frå 8.-10. trinn?
- Bør nynorskopplæringa skje kontinuertleg og vere integrert i norskundervisninga som heilskap, eller bør nynorskopplæringa vere konsentrert til bestemte bolkar?



Å rette nynorske tekstar

Mykje av sidemålsundervisninga på 8.–10. trinn dreier seg om skrivning av tekstar i ymse sjangrar. I denne filmen snakkar ulike lærarar om eigen rettepraksis og gir konkrete råd og tips om:

- Korleis kan elevane lese korrektur og gje respons på rettskrivinga til kvarandre?
- Når og korleis bør ein bruke ordlista i sidemålsundervisninga?
- Bør elevane og lærarane verte samde om ein felles nynorsknormal?
- Kva gode tips har du for retting av nynorske tekstar?

Å undervise i nynorsk

Kva synest lærarane som har delteke i dette prosjektet om det å undervise i nynorsk? I denne filmen får du svar på dette.

Mitt beste nynorskminne

I denne filmen snakkar lærarar om positive minne frå undervisninga i nynorsk. Lærarane som deltek i denne og i dei andre diskusjonsfilmene er: Lise Lunde Nilsen (*Våland skole*), Kristin Paulsen (*Aremark skole*), Benthe Kolberg Jansson (*Høgskolen i Østfold*), Torill Tørjesen (*Holmlia skole*), Marit Løkke (*Ringstabekk skole*), Torgeir Mjaugeto (*Ringstabekk skole*), Ellen Flognfeldt (*Tangenåsen skole*), Elin Hardeland (*Brannfjell skole*), Ane Opdøl Kopreitan (*Charlottenlund skole*), Kristin Kibsgaard Sjøhelle og Hjalmar Eiksund (*Nynorsksenteret*).